

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Ulf Ludvigsen
Arkivsaksnr.: 16/540 - 4

Arkiv: C20

Planlagt behandling:

Formannskapet

EUROSURF – EM I SURFING 2017 – SØKNAD OM STØTTE

Bakgrunn for saka:

Stavanger Surf Klubb søker som lokal arrangør om tilskot til EM i surfing som vil bli lagt til Borestranda, Klepp kommune i perioden 30. september - 8. oktober 2017.

Stavanger Surf Klubb er, gjennom Seilforbundet, medlem i International Surfing Association (ISA) og European Surfing Federation (ESF). Sistnemnde organisasjon er å forstå som internasjonal egiarorganisasjon for dette EM.

Det er søkt Klepp kommune om støtte med kr 400.000.

Det er vidare søkt Sola kommune om tilsvarende beløp, Stavanger kommune om kr 200.000 og det blir i tillegg arbeid for å skaffa sponsorar til arrangementet. Totalbudsjettet er på kr 1.446.000,-.

Ordførarane i Klepp, Sola og Stavanger har saman med lokal arrangør og Region Stavanger stått bak den søknaden om EM i surfing 2017 som no er innvilga.

I samband med EM 2017, er det etablert ein hovedkomiteen som er samansett av:

- Representanter frå Stavanger Surf Klubb
- Ordførarane i Klepp og Sola, samt politisk representant frå Stavanger kommune
- Representant frå Region Stavanger
- H.K.H. Kronprins Haakon

Hovudkomiteen har til no hatt 2 møter og det tredje er planlagt i juni.

Rådmann og andre i administrasjonen har deltatt på møter både i hovedkomiteen og andre drøftingsmøter med arrangøren. European Surfing federation var representert med president og teknisk sjef på første møtet.

Opningen av EM-arrangementet er planlagt til laurdag 30. september, med parade og opningssermoni i Stavanger sentrum.

Arrangementet for øvrig er planlagt gjennomført på Borestranda, der det etter planen skal setjast opp telt og riggjast til arrangement. Fylkesmannen i Rogaland har gitt dispensasjon for gjennomføring av arrangementet. Det vil vera 15 deltakande nasjonar i meisterskapen. Utøvarane vil bu i Stavanger og, venteleg, i nokon grad i Sola og på Bryne.

Søknaden har enno ikkje blitt handsama politisk i Sola kommune, men vil etter planen bli behandla før sommaren, etter at den har vore behandla i Klepp.

Søknaden til Stavanger kommune blei behandla av kommunalstyret for kultur og idrett 26.04.17. Kommunalstyret tok ikkje stilling til søknad om støtte til sjølve opningsarrangementet, men i vedtaket heiter det:

«Kommunalstyret for kultur og idrett ønsker å støtte Stavanger surfeklubb med 50 000,- kr. Det blir lagt fram ei sak til formannskapet om åpningsarrangementet, evnt. Andre arrangement kring Stavanger surfeklubb sitt arrangement Eurosurf 2017».

Klepp kommune har hatt møter med lokal arrangør og mellom anna drøfta spørsmålet om det kunne vera ønskjeleg å halda opningsarrangementet i Klepp i staden for Stavanger.

Både med tanke på merksemd, besøk, handel- næring og kultur, kunne det vore interessant for Klepp kommune om opningsarrangementet blei lokalisert hit. Arrangøren har så langt vald å oppretthalda søknaden om støtte til å gjennomføra opningssemonien i Stavanger sentrum. Dersom Stavanger ikkje gjer støtte til dette, kan spørsmålet om å leggja opningsarrangement til Klepp på ny bli aktualisert.

Vurdering:

Dette er fyrste gong det blir arrangert EM i surfing i Noreg. Som EM er dette for eit lite arrangement å rekna, men fordi det er eit EM, vil det ventelege trekkje mykje folk både nasjonalt og internasjonalt. Det vil og setje Borestranda på kartet og gjera Klepp kommune betre kjent.

Borestranda er i dag å rekna som ei av dei beste og mest attraktive stadene i Norden for bølgesurfing.

Eit europameisterskap i Klepp er spanande i seg sjølv, men gjer og Klepp kommune mange utfordringar og moglegheiter, som til dømes:

- Å skapa interesse for surfing som sport, både gjennom å tilretteleggja for surfing som fysisk aktivitet lokalt, og skapa lokal publikumsinteresse for surfing og for arrangement knytt til surfing.
- Skapa merksemd rundt Klepp kommune som besøksmål/ turisme, som handel- og næringsstad, som arena for aktivitet friluftsliv/ turisme m.m.
- Utvikla næringsbasert samarbeid under arrangementet.
- Arrangera, eller tilretteleggja for sidearrangement under EM
- Å gjera Borestranden attraktiv som framtidig arena for liknande arrangement og, gjennom det, utvikla Klepp og Borestranden som framtidige arenaer for større nasjonale og internasjonale arrangement

Det er grunn til å tru at strendene i Klepp, og særleg Borestranda, har eit stort, unikt og framtidig potensiale som friluftsliv- sports- og arrangementsstad, særleg innan surfing. Dette potensialet kan knytast både til kultur-, idrett-, og folkehelseretta fysisk aktivitet, til lokal turisme- og næringsutvikling, til kultur og til natur- og friluftsliv. Vurdering av støtte til EM i surfing 2017 må og vurderast i eit slikt perspektiv.

Både i hovudkomiteen og i møter mellom arrangør, Klepp kommune, Klepp Næringsforening og andre har det vore drøfta kva som kan gjerast for å skapa aktivitet i vår kommune rundt arrangementet. Det har mellom anna vore drøfta om det er mogleg å heller leggja opningssemonien til Kleppe, som er sentrum i den kommunen der meisterskapen blir arrangert. Det har og vore drøfta om det kan lagast ulike sidearrangement som kan trekkja folk til Klepp og trekkje lokalt næringsliv og frivilligheit inn i arrangementet.

Kommunen kan vera i nokon grad ta initiativ og informera om moglegheiter her, men det er hovudsakleg opp til arrangør og lokale næringslivskrefter å finna fram til moglege løsingar og samarbeidsområder.

Det er førebels ikkje trukke konklusjonar kring korkje sidearrangement eller konkrete samarbeidsprosjekt mellom næringsliv og arrangøren, men det blir arbeidd vidare med dette. Spørsmålet om lokalisering og gjennomføring av opningssermoni er heller ikkje avklart og vil i stor grad avhengje av kva Stavanger kommune konkluderer med tanke på omsøkt støtte.

Rådmannen vurderer at det omsøkte beløpet er høgt, men at det ut fra dei grunnane som er skissert i saksframlegget, kan vera gode grunnar for å yte eit større tilskotsbeløp i dette tilfellet, enn det ein normalt ville gjort med andre tilsvarande eller liknande arrangement i kommunen.

Økonomiske konsekvensar:

	År 1	År 2	År 3	År 4
Investering				
Finansiering				
Sum investering				
Driftskonsekvensar av investering				
Driftsutgifter				
Driftsinntekter				
Sum drift	200.000			

Vedlegg:

Søknad med vedlegg

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Klepp Formannskap ser positivt på søknaden om støtte til Europameisterskap i surfing på Borestranda hausten 2017 og støtter arrangementet med kr 200.000.
2. Midlane blir førte slik: 1482-4300-3851, med tilsvarande overføring frå disposisjonsfond, Lokal utvikling.

Rådmannen i Klepp 24.05.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.